

Positive gutar med stor arbeidslyst ønskjer å jobba.

12.05.2017



Ibrahim, Bashar, Abdul Ahad og Ataullah ønskjer seg veldig litt jobb.

**Dersom nokon treng hjelp til plenslåing, gards- eller hagearbeid, rydding eller anna arbeid, er ikkje det noko problem. På Stølen bur 4 svært positive og kjekke gutar som alle er fulle av arbeidslyst. Dei har også langt meir arbeidserfaring enn det som er vanleg for ein norsk jamaldring på 14-16 år.**

Både Ibrahim, Bashar, Ataullah og Abdul Ahad har funne seg godt til rette i Uskedalen og Kvinnherad. Dei går i innføringsklassen på Husnes ungdomsskule, og er aktive på fritida. Fotball og volleyball er hovudaktivitetar. Positive som dei er, rosar dei alt rundt seg. Med våren kjem også arbeidslysta til gutane. Arbeidsdag for SOS-barnebyar og arbeidsveke på skulen er i boks, men dei har så lyst på småjobbar no framover, og ikkje minst i sommarferien.

Gutane har mykje arbeidserfaring etter alderen. Ein av dei har til dømes mykje arbeidserfaring frå gard med mjølkekyr, og draumen hans er å få jobb på ein gard, helst med kyr. Fleire av dei andre kan også tenkja seg gardsarbeid, men viktigast er at dei får noko å gjera. Dei nemner plenslåing og anna hagearbeid, måling og vedkløyving, rydding og andre småjobbar.

Vigdis Gammelsæther som er leiar for bufellesskapa for unge flyktninger i Kvinnherad, seier at dersom det er behov for det kan også tilsette som er på jobb, vera med ungdommane i starten. Ho håpar verkeleg at nokon har bruk for hjelp frå ein ungdom eller to i sommarferien.

- Dei ønskjer seg veldig jobb både for å ha noko å gjera, og for å tena seg litt pengar. Dessutan har vi ikkje budsjett til lange ferieturar. Derfor kan sommarferien verta lang når det også er stopp i ulike aktivitetar, seier ho.

Dei som har jobb i ei eller anna form til gutane kan kontakta dei tilsette i bufellesskapet på Stølen på 901 42 485 eller 902 21 838. Eg skal i alle fall gå god for at det då er kjekke, positive og arbeidsvillige gutar det kjem i kontakt med. Flinke i norsk er dei og.

Til hausten byrjar Abdul Ahad og Ataullah på vidaregåande skule medan Bashar skal gå i 10.klasse og Ibrahim i 9.klasse. Før det håpar dei at dei har fått jobba ein del og har blitt kjent med endå fleire kjekke folk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland